

**SOGN OG FJORDANE
BONDELAG**



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM
Norge

Vår sakshandsamar
Merete Støfring
+47 95 94 74 37

Vår dato
22.05.2020
Dykkar dato

Vår referanse
15/00021-239
Dykkar referanse

Førebyggande uttak av jerveyngling i region 3

Dei førebelse tala for ynglingar av jerv i region 3 syner 7. Av dei 7 har 5 status dokumentert og 2 status antatt. 5 av 7 ynglingar ligg i Skjåk og Lom – langt vest i region 3 og svært nærme beiteprioriteten i Region 1. Vi har ein grenseproblematikk mellom ynglesone og beiteprioritert sone som ikkje er haldbar! Det må skje uttak av minst eitt hi i Skjåk, som førebyggjande tiltak for å redusere tap av beitedyr både i Skjåk og Luster komande beitesommar. Uttak hastar !

Måлтаlet for ynglingar i region 3 er 4. Dette er eit tal på ynglingar som ein i mange år har lege til dels svært mykje over. 2020 er soleis ikkje noko unntak. Etter det vi kjenner til er eitt hi teke ut av SNO, og i eitt anna hi er ungane drept av rivaliserande hannjerv. Då står vi att med 5 ynglingar. Det er uholdbart at det vert etablert ein forvaltningspraksis der det årvisst er fleire ynglingar enn måлтаlet!

Ei av desse ynglingane er i Tundradalen i Skjåk like i nærleiken av Nørstedalen der beitebrukarar i Region 1 hadde store tap til jerv beitesommaren 2019.

Om ikkje ynglinga i Tundradalen vert teken ut står vi overfor ein varsla skadesituasjon i beiteprioritert området i Luster. Tysdag denne veka vart tispera av SNO frå Nørstedalen til Tundradalen. Det syner heilt tydeleg at denne tispera, og etter kvart hennar kvalpar vil utgjere ein stor trussel for beitebruken i Nørstedalen og nærliggande område til liks med det som beitebrukarane opplevde i 2019.

Dette er uholdbart! SNO må få i oppgåve å gjennomføre hiuttak medan det framleis er snø i dette området.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anders Felde
- Fylkesleiar -

Merete Støfring

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Hafstadvegen 21 6800 FØRDE Sogn Og Fjordane Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Besøksadresse: Hafstadvegen 39 6800 FØRDE Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Tlf: 57837080 Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto: 8101.05. 91392	E-post: sogn.fjordane@bondelaget.no Internett: http://www.bondelaget.no/sognogfjordane/
--	--	--	---

Vår dato
22.05.2020

Vår referanse
15/00021-239

Kopi:

Fylkesmannen i Vestland v/ Kjell Kvingedal
Rovviltnemnda i Region 1 v/ Aleksander Øren Heen og Trude Brosvik
Rovviltnemnda i Region 3
Stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane
Luster kommune
Skjåk kommune
Mattilsynet v/Trude Lien
Norges Bondelag v/ Finn Erlend Ødegård
Sogn og Fjordane Sau og Geit